

Frå: Olaug Helland Oddekalv

Vi viser til konsesjonssøknad om Krossdalen transformatorstasjon, ny 420 kV Steinsland-Krossdalen og ny delstrekning 420 kV Krossdalen-Haugsvær, saksnummer 202301154 som har høyringsfrist 12.8.2024.

Denne høyringsuttalen gjeld eventuelle konsekvensar for eigedomen g.nr/b.nr/f.nr 81/1/2, adresse Nygardsvegen 196, der vi har ei hytte (heretter kalla eigedomen).

1. I konsesjonssøknaden, vedlegg 9 *Berørte eiendommer*, står eigedomen oppført med *Ja* i kolonnen for «Søknad om ekspropriasjon». I e-post frå Espen Valli Viken datert 29.7.2024 blir det vist til at dette er tilfelle sidan areal som vi nyttar til avkøyring/parkering vil bli brukt anleggsperioden, og at areala vil i etterkant bli tilbakeførte og rydda når arbeidet er ferdig. Med utgangspunkt i dette svaret forventar vi at det ikkje er tale om ekspropriasjon av sjølve eigedomen og har ikkje kommentarar utover dette.
2. Når det gjeld utvidinga av Nygardsvegen forbi eigedomen er dette vist vedlegg 2 *Konsesjonskart*, kartblad nr. 10. Vi finn det vanskeleg å sjå dei konkrete verknadene på eigedomen med det detaljnivået som er på kartet, men ber om at utvidinga av vegen i størst mogleg grad blir gjort mot oppsida av dagens veg. Hytta vår er den einaste eigedomen som ligg så tett på Nygardsvegen og det bør vere mogleg å ha dette med i vurderinga når den endelege traséen blir valt. Vi ønskjer ikkje å komme i ein situasjon der vi må krevje eventuelle avbøtande tiltak, t.d. støyskjerming el. likn.
3. Etter at det vart gjort tiltak på Nygardsvegen i samband med Nygard pumpekraftverk, vart ikkje vatnet frå bekkar i området rundt eigedomen handtert på ein god måte. Det blir m.a. ført vatn direkte ned på eigedomen, vatn som ligg i røyr under vegen i dag. Vi forventar at bekkar og vatn i røyr blir handtert på ein måte som ikkje skapar problem for eigedomen, og at dette blir ordna opp i, i motsetnad til i dag.

Dersom det er spørsmål eller trong for anna oppfølging, ver vi dykk ta kontakt med:

Øyvind H Oddekalv
oyvind.oddekalv@gmail.com
913 17 450

Frekhaug, 11.8.2024

Olaug Helland Oddekalv